



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato 19.10.2023
Møtetid: Kl. 08:30 - 14:10
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Av 21 medlemmer møtte 19, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Bøge	Ap
Jon Magne Bøgevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Knut Loneland Høibraaten	Bl		
Linda Haug Kollbotn	Frp	Håvard Tvedterås	Frp
Monica Tjønnå	Uavh		

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Irene Ullensvang, kommunalsjef oppvekst
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Joachim Mathisen, næringsutviklar
- Jan Erik Bøge, rådgjevar

Permisjonar:

Arild Røen (H) fekk permisjon frå møtet frå kl. 13:05. Han deltok som følgje av dette ikkje i handsaminga av sak 087, 088, 089, 103 og 104.

Musikalsk innslag:

Etter at innkallinga og saklista var godkjent framførte Svetlina Shyrkova frå Samnanger kulturskule songen "Danse mi vise, gråte min sang", akkompagnert av kulturskulerektor Karianne Kayser på piano.

Utdeling av KS heidersmerke/medalje med diplom til kommunestyremedlem Jon Magne Bøgevik

Under handsaminga av sak 082 takka ordføraren medlemmene i det avtroppande kommunestyret for valperioden 2019–2023. Han takka spesielt dei medlemmene som no sluttar som folkevalde. Dette gjaldt mellom anna Jon Magne Bøgevik (Ap), som no går av som folkevald etter 24 år som medlem i kommunestyret (av desse òg fire år som varaordførar). Jon Magne Bøgevik fekk i møtet utdelt Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt heidersmerke/medalje med diplom, samt eit diplom frå kommunen.

Informasjon om saksnummer på ekstrasakene i møtet (saknr. 103 og 104)

Det vart i møtet sett to ekstrasaker inn på saklista. Desse to sakene fekk saksnummer 103 og 104, medan den siste saka på saklista i møteinnkallinga har saksnummer 089. Årsaka til dette store spranget, var at saksnummer 090 til 102 allereie var brukt til saker på saklista i innkallinga til det konstituerande kommunestyremøtet 26.10.2023. Møteinnkallinga til kommunestyremøtet 26.10.2023 vart sendt ut same dato som innkallinga til kommunestyremøtet 19.10.2023.

Rekkefølge for handsaming av sakene og interpellasjonane i møtet

Sakene i møtet vart handsama den rekkefølga dei står i på sakslista, med unnatak av at sak 104 vart handsama før sak 103.

Interpellasjonane i møtet vart handsama på slutten av sak 083, i følgjande rekkefølge:

- RS 3
- RS 2
- RS 1
- RS 4

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Bøge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
082/2023	23/837	Godkjenning av innkalling og sakliste	
083/2023	23/837	Faste saker	
084/2023	23/402	Tertialrapport økonomi og sjukefråvær pr. august 2023	
085/2023	23/402	Finansrapportering 2. tertial 2023	
086/2023	19/280	Høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen	
087/2023	18/1050	Vedtak av renovasjonsgebyr 2024	
088/2023	18/1086	Eventuell etablering av drivstoffanlegg ved Tyssekaien	
089/2023	18/1784	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Tysnes kommune og Samnanger kommune om felles interkommunalt landbrukskontor- Bjørnafjorden landbrukskontor	
1	20/25	Interpellasjon	
2	20/25	Interpellasjon	
3	20/25	Interpellasjon til kommunestyremøtet	
4	20/25	Interpellasjonar til kommunestyremøte 19.10.2023	
103/2023	23/837	Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling	
104/2023	23/837	Ettergodtgjersle for ordførar	
2023D05	23/837	Presentasjonar og dokument utlevert i møtet	

SAKNR. 082/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ønske om tilleggssak på saklista ("Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling")

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) orienterte om at ho ønskte å få inn ei ekstrasak på saklista. Dette gjaldt ei sak med tittelen "Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling". Ho hadde utarbeidd ei saksframstilling med framlegg til vedtak, som i møtet vart sendt ut til resten av kommunestyret saman med seks vedlegg. Det var ein pause i møtet medan medlemmene i kommunestyret fekk lesa gjennom desse dokumenta.

Etter pausen orienterte ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om at han vurderte seg sjølv som ugild, fordi han er omtalt (omhandla) i den aktuelle saka. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som ordførar.

Arild Røen (H) bad om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at han også er omtalt i saka. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans.

Både Knut Harald Frøland og Arild Røen vart samrøystes funne ugilde.

Oskar Røen (MDG) bad etter dette om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at han er son til Arild Røen. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Han vart funnen ugild med 15 mot 1 røyst. Jon Magne Bøgevik (Ap) røysta for at Oskar Røen var gild.

Karl Bård Kollbotn (Frp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det gjennomført røysting over om saka skulle takast inn på saklista for møtet. Det vart samrøystes vedteke å ta saka inn på saklista, og at ho skulle handsamast etter dei andre sakene på saklista.

Det var under handsaminga av sak 082 ingen andre merknader til innkallinga eller saklista.

KS- 082/2023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med følgjande endring:

- Saka "Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling" blir teken inn som ny sak på saklista.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 083/2023: Faste saker

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Ordføreren orienterer:

- **Bestilling av sak om eventuell deltaking i kampanjen "Eit meir demensvennleg samfunn".** Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at sak om dette skal leggjast fram i kommunestyret 07.12.2023. Kommunestyret slutta seg til forslaget.
- **Ettergodtgjersle for ordførar.** Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om reglane for ettergodtgjersle til ordførar i Samnanger kommune si forskrift. Det står der at ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Knut Harald Frøland viste til at ordføraren ikkje opptenar feriepengar, og bad om at kommunestyret løyver 1,5 månad ettergodtgjersle til avtroppande ordførar. Han viste i samband med dette òg til at førre ordførar fekk 1,5 månader ettergodtgjersle då ho gjekk av i 2015. Øyvind Strømmen (MDG) bad om at saka vart teken inn på saklista for møtet. Kommunestyret slutta seg samrøystes til forslaget til Øyvind Strømmen. Saka vart som følgje av dette sett inn på saklista, og vart handsama etter dei andre sakene på saklista.

Rådmannen orienterer:

Orientering ved rådmann Ove Sæbø:

- **Status for oppfølging av politiske saker.** Rådmannen orienterte om oppfølging av politiske saker og vedtak, og viste i samband med dette ei oversikt over etterslep på saker. Oversikta følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering ved kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- **Barnevern.** Status for arbeidet med førebyggjande plan.
- **Pleie og omsorg.** Kort orientering om deltaking i læringsnettverk for pårørande og samarbeid.
- **"Menn i helse".** Kommunen har hatt besøk av representantar for dette prosjektet, som er i regi av fylkeskommunen. Samnanger har ikkje vore med på prosjektet tidlegare, men ønskjer no å vera med.
- **Helse- omsorgsplan.** Status for arbeidet med planen.
- **Utlysing av fastlegeheimel.** Ein fastlegeheimel er utlyst. Det går no ein vikar i denne heimelen.
- **Brev sendt frå innbyggjar til kommunestyret.** Kort orientering. Administrasjonen har svart ut nokre av spørsmåla i brevet.

Orientering ved kommunalsjef oppvekst, Irene Ullensvang:

- **Svar på spørsmål stilt på budsjettseminaret 05.10.2023.** Gjaldt spørsmål om bemanning i ein av barnehagane.
- **Mangel på kvalifiserte søkjarar og vikarar.** Gjeld både barnehagane og skulane.
- **Skule- og barnehagemiljø, uanforskap og mobbing.** Informasjon om kommunen sitt arbeid knytt til dette. Kopi av presentasjonen som vart vist i møtet følgjer som vedlegg til møteprotokollen.
- **Tilsyn ved Samnanger barneskule.** Informasjon om det planlagde tilsynet, som gjeld Samnanger kommune sitt arbeid for å sikra eit godt og trygt skulemiljø.

Orientering ved kommunalsjef samfunnsutvikling, Hilde-Lill Våge:

- **Bossnett.** Svar på spørsmål stilt av Jon Magne Bogevis (Ap) i formannskapet 05.10.2023 i formannskapssak 062/2023. Kommunane er med å støtta påslaget knytt til bossnett.
- **Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.** Status for arbeidet. Saka kjem til kommunestyret 07.12.2023.
- **Områdeplan.** Orientering om status for arbeidet og tentativ framdriftsplan.
- **Søknad om kommunal overtaking av vegen til Totræna vinterpark.** Orientering om møte med Samnanger idrettslag, og om vidare prosess.
- **Montering av innkjøpte leikeapparatar ved Samnanger barneskule.** Leikeapparata er no monterte og kan truleg takast i bruk tidleg neste veke.

Spørsmål:

Reglement for påkopling til kommunalt VA

Jon Magne Bogevik (Ap) og Martin Haugen (Bl) spurde om når det vil koma opp sak om reglement for påkopling til kommunalt vatn og avløp (VA). Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara. Dette vil vera ein del av ei større sak som vil koma opp i kommunestyret i den neste ordinære møterunden.

Vedlikehaldsplan

Odd Arne Haga (Frp) viste til at det er gjort vedtak om det skal lagast ein vedlikehaldsplan for kommunen. Han etterlyste denne planen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara. Ho orienterte om at det kanskje har vore ei misforståing når det gjeld kor detaljert vedlikehaldsplan som skal leggjast fram for kommunestyret.

Optimalisering av bygningsmassen

Odd Arne Haga (Frp) viste til at det for åtte år sidan vart gjort vedtak om å optimalisera bygningsmassen. Han etterlyste ei utgreiing frå administrasjonen om dette. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara. Ho orienterte om at det blir arbeidd med ein strukturplan i forhold til den kommunale bygningsmassen, og at administrasjonen vil koma tilbake til dette.

Ny omsorgsbustad i Reistadliane 41

Martin Haugen (Bl) bad om ei orientering om status for den nye omsorgsbustaden i Reistadliane 41. Møtet vart lukka medan kommunestyret vurderte om orienteringa skulle haldast for lukka dører. Møtet vart opna igjen før kommunestyret røysta over spørsmålet om lukking. Det vart samrøystes vedteke at orienteringa skulle haldast for lukka dører, med heimel i kommunelova § 11-5 andre ledd jf. fjerde ledd bokstav a. Møtet vart etter dette lukka igjen, før kommunalsjef Edith Oma orienterte om status for den nye omsorgsbustaden. Etter orienteringa vart møtet opna igjen.

Oppstartdato for ny privatpraktiserande fysioterapeut

Håvard Tvedterås (Frp) spurde om oppstartdato for ny privatpraktiserande fysioterapeut. Kommunalsjef Edith Oma orienterte status i saka, og om at oppstartdatoen enno ikkje er avklart.

Fastlegesituasjonen i Samnanger

Håvard Tvedterås (Frp) viste til at det er lang ventetid på time hos fastlege i Samnanger, og spurde om dette er noko administrasjonen ser på. Kommunalsjef Edith Oma orienterte om at det er legar i alle fire fastlegeheimlane i Samnanger, men at kommunen jobbar med å eventuelt få oppretta ein fastlegeheimel til.

Ivaretaking og oppfølging av aldersgruppa 16–18 år

Øyvind Steinsland (Bl) viste til utfordringar med mobbing og utanforskap m.m.. Han spurde om korleis kommunen arbeider med ivaretaking og oppfølging av aldersgruppa mellom avslutta ungdomsskule og 18 år. Rådmann Ove Sæbø og kommunalsjef Irene Ullensvang svara. Rådmannen orienterte òg om at han vil koma tilbake til kommunestyret om dette temaet i eit seinare møte.

Uteområdet ved ungdomsskulen

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) viste til kommunestyret sitt vedtak 14.09.2023 i sak 081/2023, og etterlyste sak om uteområdet ved ungdomsskulen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge orienterte om arbeidet som er gjort etter kommunestyret sitt vedtak 14.09.2023.

Interpellasjonar:

Følgjande interpellasjonar vart handsama i møtet:

- RS 1: Interpellasjon frå MDG om fartsdempande tiltak i Steinslandsbakken
- RS 2: Interpellasjon frå Arild Røen (H) om utbetring av Fv 579 – oppstart av arbeid med reguleringsplan
- RS 3: Interpellasjon frå Solveig Vassenden (Bl) om forsterka omsorgsplassar på 95-bygget

- RS 4: Interpellasjonar frå Frp om vask av fasaden på kommunehuset og kantslått langsmed kommunale vegar

Informasjon om handsaminga av interpellasjonane går fram av sakspapira for dei ulike interpellasjonane (RS 1, RS 2, RS 3 og RS 4).

Samrøystes vedtak.

KS- 083/2023 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering. Sak om ettergodtgjersle for ordførar blir teken inn på saklista for møtet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 084/2023: Tertialrapport økonomi og sjukefråvær pr. august 2023

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 084/2023 Vedtak:

1. Økonomirapportering pr. 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.
2. Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial 2023.
3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet pr 2. tertial 2023.

Prosjektnr	Prosjektnamn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
	Samfunnsutvikling		
3320	Hagabakkane - utviding veg		980 000
3323	Hagabotnane, gangveg	249 000	
3321	Innkjøring Helsetun		171 000
3325	Pott vegvedlikehald		28 000
2653	Frøland-bygg kjøp/ tilrettel.		169 000
2659	Hus, Reistadliane 41		29 000
3810	Aktivitetsbasert hall		184 000
3812	Idrettsanlegget, brøyteutstyr		350 000
1300	Kommunehus ombyg./ vent.		480 000
3304	Pott forvaltning bygg	115 000	
3436	VA infrastruktur		750 000
	Opplæring		
2027	Elev-pc		19 000

	Totalt investering	364 000	3 160 000
	Finansiering		
	Momskompensasjon, alle prosjekt	671 000	
	Tilskot	-	
	Ubrukte lånemidler 2022 / lån 2023	2 125 000	
	Totalt finansiering	2 796 000	-
	Sum	3 160 000	3 160 000

Endringane i investeringsbudsjettet står meir om i saksutgreiinga. Rådmann vil i framlegginga av budsjett 2024 og økonomiplan for 2024- 2027 tilpassa investeringsbudsjettet etter forbruket i 2023.

05.10.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 060/2023 Vedtak:

1. Økonomirapportering pr. 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.
2. Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial 2023.
3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet pr 2. tertial 2023.

Prosjektnr	Prosjektnamn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
	Samfunnsutvikling		
3320	Hagabakkane - utviding veg		980 000
3323	Hagabotnane, gangveg	249 000	
3321	Innkjøring Helsetun		171 000
3325	Pott vegvedlikehald		28 000
2653	Frøland-bygg kjøp/ tilrettel.		169 000
2659	Hus, Reistadliane 41		29 000
3810	Aktivitetsbasert hall		184 000
3812	Idrettsanlegget, brøyteutstyr		350 000
1300	Kommunehus ombyg./ vent.		480 000
3304	Pott forvaltning bygg	115 000	
3436	VA infrastruktur		750 000
	Opplæring		
2027	Elev-pc		19 000
	Totalt investering	364 000	3 160 000
	Finansiering		
	Momskompensasjon, alle prosjekt	671 000	
	Tilskot	-	
	Ubrukte lånemidler 2022 / lån 2023	2 125 000	
	Totalt finansiering	2 796 000	-
	Sum	3 160 000	3 160 000

Endringane i investeringsbudsjettet står meir om i saksutgreiinga. Rådmann vil i framlegginga av budsjett 2024 og økonomiplan for 2024- 2027 tilpassa investeringsbudsjettet etter forbruket i 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Økonomirapportering pr. 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.
2. Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial 2023.
3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet pr 2. tertial 2023.

Prosjektnr	Prosjektnamn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
	Samfunnsutvikling		
3320	Hagabakkane - utviding veg		980 000
3323	Hagabotnane, gangveg	249 000	
3321	Innkjøring Helsetun		171 000
3325	Pott vegvedlikehald		28 000
2653	Frøland-bygg kjøp/ tilrettel.		169 000
2659	Hus, Reistadliane 41		29 000
3810	Aktivitetsbasert hall		184 000
3812	Idrettsanlegget, brøyteutstyr		350 000
1300	Kommunehus ombyg./ vent.		480 000
3304	Pott forvaltning bygg	115 000	
3436	VA infrastruktur		750 000
	Opplæring		
2027	Elev-pc		19 000
	Totalt investering	364 000	3 160 000
	Finansiering		
	Momskompensasjon, alle prosjekt	671 000	
	Tilskot	-	

	Ubrukte lånemidlar 2022 / lån 2023	2 125 000	
	Totalt finansiering	2 796 000	-
	Sum	3 160 000	3 160 000

Endringane i investeringsbudsjettet står meir om i saksutgreiinga. Rådmann vil i framlegginga av budsjett 2024 og økonomiplan for 2024- 2027 tilpassa investeringsbudsjettet etter forbruket i 2023.

SAKNR. 085/2023: Finansrapportering 2. tertial 2023

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS- 085/2023 Vedtak:

Finansrapportering for 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2023 vert tatt til orientering.

SAKNR. 086/2023: Høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Sak 086/2023: Uttale frå Samnanger kommune til høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune tek til orientering at Statens Vegvesen har konkludert med at «konsept 1», som går gjennom Samnanger, er det beste alternativet for hovudveg mellom Jøsendal i Ullensvang og Bergen.

Samnanger kommune er i utgangspunktet positiv til denne konklusjonen og er einig i at konsept 1 er det beste med omsyn til kostnad, reisetid og generell samfunnsnytte. Lokalt gjev det Samnanger fleire føremonar å verta knytt til omverda på denne måten.

Samstundes meiner kommunen ein «arm» mot Bergen gjennom dei sentrale delane av Samnanger har fleire negative følgjer, som ikkje er kjem fram i KVVU-en.

Ein merkar seg at KVVU-en, i kap. «10.3 Ikkje-prisette verknader», peikar på fleire ulike konfliktområde langs dei ulike traséane – knytte til jordbruk, naturmangfald, landskapskvalitetar m.m. Ingen av desse ligg i Samnanger. Difor meiner Samnanger kommune at KVVU-en er mangelfull når han slett ikkje drøftar kva konsekvensar auka trafikk og vegbygging kan ha, utanfor dei nemnde konfliktområda. Samnanger har òg bumiljø, «mjuke trafikantar», natur og kulturlandskap som det må takast omsyn til.

KVU-en gjer framlegg om stegvis utbygging av vegen. Dette er fornuftig med tanke på kostnaden og realismen i prosjektet, men for Samnanger skaper det utfordringar. Det gjer arealplanlegginga vanskelegare, både for kommunen og privatpersonar, når ein truleg i lang tid må leva i uvisse om det vil verta bygt noko meir i Samnanger enn tunellen mellom Eikedalen og Steinsdalen.

Vidare har Samnanger kommune desse kommentarane og krava:

- Det er dårleg samfunnsplanlegging og arealdisponering å tenkja at den nemnde tunellen Eikedalen–Steinsdalen berre er mellombels, og at det seinare skal byggjast ein lang og flat tunell mellom Frølandsdalen og Steinsdalen.
- Fv. 49 er ikkje rigga for trafikkauke. Alt i dag er det store vanskar for lokaltrafikk å kunna køyra inn på vegen dei dagane biltettleiken er størst. Det trengst av- og innkøyringsvegar og rundkøyringar.
- Det må byggjast tre nye bruer på fv. 49 mellom Mørkhølen og Eikedalen, slik at dei får same vegbreidd som vegen elles.
- Det må koma ein eigen trafikksikringspakke for fotgjengarar og syklistar langs fv. 49. Døme på det er nye strekkingar med gang- og sykkelveg og tiltak fleire stader til hjelp for å kryssa fylkesvegen. I dag er fotgjengarfeltet på Bjørkheim det einaste tiltaket av dette slaget i Samnanger.
- Det må ikkje byggjast ny trasé i dagen, nord for noverande fv. 49.

Samnanger kommune går imot bomfinansiering av E134 arm til Bergen.

Sak 086/2023: Uttale frå Samnanger kommune til høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune er nøgd med konklusjonane og tilrådingane i KVU E134 – arm til Bergen, og ser fram til vidare og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje-prisette konsekvensar, inklusive moglegheita til å unngå og redusera miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging. Også når det gjeld generell samfunnsnytte, kjem konsept 1 best ut.

Lokalt gjev det Samnanger fleire føremonar å verta knytt til omverda på denne måten. Samstundes meiner kommunen ein «arm» mot Bergen gjennom dei sentrale delane av Samnanger har fleire negative følgjer, som ikkje kjem fram i KVU-en.

Ein merkar seg at KVU-en, i kap. «10.3 Ikkje-prisette verknader», peikar på fleire ulike konfliktområde langs dei ulike traséane – knytte til jordbruk, naturmangfald, landskapskvalitetar m.m. Ingen av desse ligg i Samnanger. Difor meiner Samnanger kommune at KVU-en er mangelfull når han slett ikkje drøftar kva konsekvensar auka trafikk og vegbygging kan ha, utanfor dei nemnde konfliktområda. Samnanger har òg bumiljø, «mjuke trafikantar», natur og kulturlandskap som det må takast omsyn til.

KVU-en gjer framlegg om stegvis utbygging av vegen. Dette er fornuftig med tanke på kostnaden og realismen i prosjektet. For Samnanger kan det likevel skapa nokre utfordringar. Det gjer arealplanlegginga vanskelegare, både for kommunen og privatpersonar, når ein truleg i lang tid må leva i uvisse om det vil verta bygt noko meir i Samnanger enn tunellen mellom Eikedalen og Steinsdalen.

Vidare har Samnanger kommune desse kommentarane og krava:

- Det er dårleg samfunnsplanlegging og arealdisponering å tenkja at den nemnde tunellen Eikedalen–Steinsdalen berre er mellombels, og at det seinare skal byggjast ein lang og flat tunell mellom Frølandsdalen og Steinsdalen.

- Fv. 49 er ikkje rigga for trafikkauke. Alt i dag er det store vanskar for lokaltrafikk å kunna køyra inn på vegen dei dagane biltettleiken er størst. Det trengst av- og innkøyringsvegar og rundkøyringar.
- Det må byggjast tre nye bruer på fv. 49 mellom Mørkhølen og Eikedalen, slik at dei får same vegbreidd som vegen elles.
- Det må koma ein eigen trafikksikringspakke for fotgjengarar og syklistar langs fv. 49. Døme på det er nye strekningar med gang- og sykkelveg og tiltak fleire stader til hjelp for å kryssa fylkesvegen. I dag er fotgjengarfeltet på Bjørkheim det einaste tiltaket av dette slaget i Samnanger.
- Det må ikkje byggjast ny trasé i dagen som fører til nedbygging av dyrka jord.

Samnanger kommune går mot bruk av bompengar på fv. 49

Handsaming:

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen fram eit fellesframlegg til vedtak, på vegner av Øyvind Strømmen, Karl Bård Kollbotn (Frp), Arild Røen (H) og seg sjølv. Han trekte samstundes framlegget han hadde sett fram før gruppemøtet.

I røytinga vart fellesframlegget sett opp mot innstillinga til formannskapet. Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 086/2023 Vedtak:

Samnanger kommune er nøgd med konklusjonane og tilrådingane i KVU E134 – arm til Bergen, og ser fram til vidare og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje-prisette konsekvensar, inklusive moglegheita til å unngå og redusera miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging. Også når det gjeld generell samfunnsnytte, kjem konsept 1 best ut.

Lokalt gjev det Samnanger fleire føremonar å verta knytt til omverda på denne måten. Samstundes meiner kommunen ein «arm» mot Bergen gjennom dei sentrale delane av Samnanger har fleire negative følgjer, som ikkje kjem fram i KVU-en.

Ein merkar seg at KVU-en, i kap. «10.3 Ikkje-prisette verknader», peikar på fleire ulike konfliktområde langs dei ulike traséane – knytte til jordbruk, naturmangfald, landskapskvalitetar m.m. Ingen av desse ligg i Samnanger. Difor meiner Samnanger kommune at KVU-en er mangelfull når han slett ikkje drøftar kva konsekvensar auka trafikk og vegbygging kan ha, utanfor dei nemnde konfliktområda. Samnanger har òg bumiljø, «mjuke trafikantar», natur og kulturlandskap som det må takast omsyn til.

KVU-en gjer framlegg om stegvis utbygging av vegen. Dette er fornuftig med tanke på kostnaden og realismen i prosjektet. For Samnanger kan det likevel skapa nokre utfordringar. Det gjer arealplanlegginga vanskelegare, både for kommunen og privatpersonar, når ein truleg i lang tid må leva i uvisse om det vil verta bygt noko meir i Samnanger enn tunellen mellom Eikedalen og Steinsdalen.

Vidare har Samnanger kommune desse kommentarane og krava:

- Det er dårleg samfunnsplanlegging og arealdisponering å tenkja at den nemnde tunellen Eikedalen–Steinsdalen berre er mellombels, og at det seinare skal byggjast ein lang og flat tunell mellom Frølandsdalen og Steinsdalen.
- Fv. 49 er ikkje rigga for trafikkauke. Alt i dag er det store vanskar for lokaltrafikk å kunna køyra inn på vegen dei dagane biltettleiken er størst. Det trengst av- og innkøyringsvegar og rundkøyringar.
- Det må byggjast tre nye bruer på fv. 49 mellom Mørkhølen og Eikedalen, slik at dei får same vegbreidd som vegen elles.
- Det må koma ein eigen trafikksikringspakke for fotgjengarar og syklistar langs fv. 49. Døme på det er nye strekkingar med gang- og sykkelveg og tiltak fleire stader til hjelp for å kryssa fylkesvegen. I dag er fotgjengarfeltet på Bjørkheim det einaste tiltaket av dette slaget i Samnanger.
- Det må ikkje byggjast ny trasé i dagen som fører til nedbygging av dyrka jord.

Samnanger kommune går mot bruk av bompengar på fv. 49

05.10.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegg til uttale (frå MDG), sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

1. Samnanger kommune er nøgde med konklusjonane og tilrådingane i «KVU E134 - arm til Bergen» og ser fram til vidare arbeid og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje prissette konsekvensar, inklusive moglegheit til å unngå og redusere miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging.
2. Samnanger kommunestyre gjev støtte til prinsippet om å nytta pågåande prosjekt og gjenbruk av eksisterande veg i det vidare arbeidet.
3. Samnanger kommunestyre ynskjer at politisk og administrativ leiing i Samnanger kommune vert tidleg involvert i det vidare arbeidet med E-134, arm til Bergen.
4. Samnanger kommunestyre ber om at lokale tema for Samnanger vert ein viktig del av dei regionale og nasjonale vurderingane i det vidare arbeidet. Det inkluderer mellom anna tunnelloysingar under Kvamskogen, men også kva konsekvensar auka gjennomgangstrafikk gjennom Samnanger vil ha for trafikktryggleik og nærmiljø, og kva avhjelpande tiltak som kan treffast.

Framlegg til Uttale, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Samnanger kommune går i mot bompengefinansiering av E134 arm til Bergen.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til eit tilleggspunkt til framlegget til Øyvind Strømmen.

Det vart først røysta over framlegget til Øyvind Strømmen. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over tilleggframlegget til Odd Arne Haga. Seks røysta for og tre imot framlegget.

For	Imot
Øyvind Røen (Sp)	Martin Haugen (Bl)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Gunn Totland Moss (KrF)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	

FORM- 061/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune er nøgde med konklusjonane og tilrådingane i «KVU E134 - arm til Bergen» og ser fram til vidare arbeid og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje prissette konsekvensar, inklusive moglegheit til å unngå og redusere miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging.
2. Samnanger kommunestyre gjev støtte til prinsippet om å nytta pågåande prosjekt og gjenbruk av eksisterande veg i det vidare arbeidet.
3. Samnanger kommunestyre ynskjer at politisk og administrativ leiing i Samnanger kommune vert tidleg involvert i det vidare arbeidet med E-134, arm til Bergen.
4. Samnanger kommunestyre ber om at lokale tema for Samnanger vert ein viktig del av dei regionale og nasjonale vurderingane i det vidare arbeidet. Det inkluderer mellom anna tunnelloysingar under Kvamskogen, men også kva konsekvensar auka gjennomgangstrafikk gjennom Samnanger vil ha for trafikktryggleik og nærmiljø, og kva avhjelpande tiltak som kan treffast.
5. Samnanger kommune går i mot bompengefinansiering av E134 arm til Bergen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 087/2023: Vedtak av renovasjonsgebyr 2024

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 087/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av kommunen, jfr § 2-2 i Forskrift om handtering av hushaldsavfall, Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert sett opp med 5 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med følgjande vedlegg:

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024

Prismatrise Samnanger Kommune 2024

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning

05.10.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Under handsaminga stilte Jon Magne Bøgevik (Ap) nokre spørsmål om innhaldet i saksdokumenta. Rådmann Ove Sæbø orienterte om at administrasjonen vil kunne gje svar på desse spørsmåla i kommunestyret 19.10.2023.

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 062/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av kommunen, jfr § 2-2 i Forskrift om handtering av hushaldsavfall, Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert sett opp med 5 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med følgjande vedlegg:

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024

Prismatrise Samnanger Kommune 2024

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av kommunen, jfr § 2-2 i Forskrift om handtering av hushaldsavfall, Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert sett opp med 5 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med følgjande vedlegg:

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024

Prismatrise Samnanger Kommune 2024

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning

SAKNR. 088/2023: Eventuell etablering av drivstoffanlegg ved Tyssekaien

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ja til å etablere drivstoff på kaien på Ytre Tysse, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger FrP synes det er for lett vint å avslå dette tiltaket på Ytre Tysse - når vi har etablert og støttet en butikk der, som har åpent 24/7 hele året. Skal vi satse på næring og utvikling av Ytre Tysse for turister og båtfolk, må vi ta tak å få dette opp å gå.

Vi må ikke bare se utfordringer med det ene eller det andre i forhold til regelverk som nevnt i vedtaket.

Det er ikke tilrettelagt for fylling av drivstoff ved sjø til båt i Samnanger. Dette anlegget vil dekke behovet for alle innbyggerne i kommunen i tillegg til båtfolk som besøker oss.

Ser frem til et annet vedtak enn å avslutte videre arbeid med tiltaket på Ytre Tysse.

Tiltaket innarbeides i budsjett og gjennomføres som planlagt.

Handsaming:

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) viste til framlegget som Karl Bård Kollbotn hadde sett fram, og spurde om det berre var den siste setninga i framlegget kommunestyret skulle røysta over. Karl Bård Kollbotn stadfesta dette.

Tilrådinga til rådmannen fekk 16 røyster og vart vedteke. Framlegget til Karl Bård Kollbotn fekk 2 røyster.

For tilrådinga til rådmannen	For framlegget til Karl Bård Kollbotn
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	
Øyvind Røen (Sp)	

KS- 088/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å avslutte vidare arbeid med planar for etablering av drivstoffanlegg på Tyssekaien.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å avslutte vidare arbeid med planar for etablering av drivstoffanlegg på Tyssekaien.

SAKNR. 089/2023: Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Tysnes kommune og Samnanger kommune om felles interkommunalt landbrukskontor- Bjørnafjorden landbrukskontor

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tilrådinga til rådmannen vart samrøystes vedteken.

KS- 089/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til revidert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger om felles interkommunalt landbrukskontor.

Vertskommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) §20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale.

Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av landbrukskontor til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til revidert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger om felles interkommunalt landbrukskontor.

Vertskommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) §20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale.

Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av landbrukskontor til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

SAKNR. 1: Interpellasjon

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Interpellasjon 1, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Kommunestyret ber rådmannen førebu ei spørjeundersøking..... Vidare som framlegget frå interpellanten + Saka vert lagt fram for kommunestyret før undersøkinga vert gjennomført

Handsaming:

Interpellasjonen gjaldt forsterka omsorgsplassar på 1995-bygget på Samnangeheimen. Solveig Vassenden (Bl) las opp interpellasjonen. Rådmann Ove Sæbø og kommunalsjef Edith Oma svara.

Øyvind Røen (Sp) sette fram eit justert framlegg til vedtak.

Solveig Vassenden trekte framlegget sitt til vedtak.

Framlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

KS- 1 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen førebu ei spørjeundersøking om kor mange som har ynskje om «forsterka» omsorgsplass på 95-bygget, eller eventuelt andre stader. I den grad det er mogeleg bør det i spørjeundersøkinga framgå kva krav som kan vera aktuelle å stille til «forsterka» omsorgsplass. Saka vert lagt fram for kommunestyret før undersøkinga vert gjennomført. Resultat av spørjeundersøkinga presenterast i planarbeidet.

SAKNR. 2: Interpellasjon

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Interpellasjonen gjaldt utbetring av fylkesveg 579 mellom Hisdal og Rolvsvåg og oppstart av arbeid med reguleringsplan. Arild Røen (H) las opp interpellasjonen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge las opp svar frå administrasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

På bakgrunn av svaret frå administrasjonen, endra Arild Røen fristen i det siste avsnittet i framlegget sitt til april–juni 2024.

Gunn Østvik Petersen (Ap) bad om å få gildskapan sin vurdert, på bakgrunn av at ho er grunneigar i det aktuelle området. Ho gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapan hennar. Ho vart funnen gild med 13 mot 6 røyster, og gjekk tilbake i møtet.

Gild	Ugild
Lena Tveit (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Øyvind Steinsland (Bl)	Ove Totland (Bl)
Håvard Tvedterås (Frp)	Oskar Røen (MDG)
Odd Arne Haga (Frp)	Martin Haugen (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Solveig Vassenden (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	

Det justerte framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 2 Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida plan for utarbeiding av reguleringsplan for Fv579 – primært for strekinga Hisdal – Rolvsvåg til april–juni 2024. Behov for økonomisk tildeling utover budsjett, må vera ein del av planen.

SAKNR. 3: Interpellasjon til kommunestyremøtet

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Interpellasjonen gjaldt fartsdempande tiltak i Steinslandsbakken. Øyvind Strømmen (MDG) las opp interpellasjonen. Hilde-Lill Våge las opp svar frå administrasjonen på interpellasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotkollen.

Framlegget i interpellasjonen vart samrøystes vedteke.

KS- 3 Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen om ei vurdering av fysiske, fartsdempande tiltak i området.

SAKNR. 4: Interpellasjonar til kommunestyremøte 19.10.2023

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Dei to interpellasjonane gjaldt høvesvis vask av fasaden på kommunehuset og kantslått langsmed kommunale vegar.

Kommunestyret handsama først interpellasjonen om vask av fasaden på kommunehuset. Odd Arne Haga (Frp) las opp interpellasjonen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge las opp svar frå administrasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Framlegget til vedtak i interpellasjonen om vask av fasaden på kommunehuset vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret handsama etter dette interpellasjonen om kantslått langs kommunale vegar. Odd Arne Haga las opp interpellasjonen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge las opp svar frå administrasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Etter oppmoding frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl), strauk Odd Arne Haga den siste setninga i framlegget sitt til vedtak. Med denne justeringa vart framlegget til vedtak i interpellasjonen om kantslått langs kommunale vegar samrøystes vedteken.

KS- 4 Vedtak:

Rådmannen førebur sak om vask av fasade på kommunehuset og legg fram sak om dette i første kommunestyremøte.

Rådmannen førebur sak om gjennomføring av kantslått langs alle kommunale vegar snarast råd og leggje fram sak om dette i neste kommunestyre

SAKNR. 103/2023: Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland viste innleiingsvis til gildskapsvurderingane som vart gjort før kommunestyret tidlegare i møtet (i sak 083) gjorde vedtak om å ta denne saka inn på saklista. Han spurde om det var nødvendig å gjera nye gildskapsvurderingar no. Han orienterte vidare om at han vurderte seg som ugild, og gjekk frå. Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som ordførar. Oskar Røen (MDG) gjekk òg frå medan kommunestyret vurderte gildskapan hans.

Det vart først røysta over gildskapan til Oskar Røen. Han vart funnen ugild med 11 mot 5 røyster.

Gild	Ugild
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Harald Boge (Ap)	Ove Totland (Bl)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Øyvind Steinsland (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Håvard Tvedterås (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Øyvind Røen (Sp)

Det vart så røysta over gildskapan til Knut Harald Frøland. Han vart samrøystes funnen ugild.

Det vart etter dette røysta over framlegget til vedtak som Anja Elisabeth Gjerde Markhus hadde sendt ut tidlegare i møtet (under handsaminga av sak 082). Framlegget vart vedteke med 15 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

KS- 103/2023 Vedtak:

Samnanger kommunestyre har tillit til rådmann ser til at dersom det vert oppretta stillingar i organisasjonen – faste, vikariat eller prosjektstillingar – så vert dette gjort i tråd med rådmannen sitt delegerte mynde, hovudtariffavtalen, samt etter vurdering/kvalitetssikring av HR-leiar

Samnanger kommunestyre aksepterer ikkje at kontrollutvalet, eller andre politiske utval, nyttast til sverting basert på ryktespreiing.

Samnanger kommunestyre ber om orsaking til den tilsette, til rådmann og til ordførar for det som skjedde i kontrollutvalsmøte 28.08.23, og i handlingane som skjedde i etterkant av dette møte.

SAKNR. 104/2023: Ettergodtgjersle for ordfører

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) stilte innleingsvis nokre spørsmål til administrasjonen. Rådmannen orienterte om at administrasjonen måtte ha litt for å kunne svare på nokon av spørsmåla.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om å utsetja saka. Det vart etter dette røysta over utsetjingsframlegget. 9 røysta for og 9 røysta imot. På grunn av at ordføraren var ein av dei 9 som røysta imot utsetjingsframlegget, vart framlegget ikkje vedteke.

For utsetjing	Imot utsetjing
Øyvind Røen (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Totland Moss (KrF)	Lena Tveit (Bl)
Ove Totland (Bl)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Martin Haugen (Bl)	Øyvind Steinsland (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Håvard Tvedterås (Frp)
Harald Boge (Ap)	Odd Arne Haga (Frp)
Øyvind Strømmen (MDG)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Oskar Røen (MDG)	Jon Magne Bogevik (Ap)

Ordfører Knut Harald Frøland informerte etter dette om at det skulle røystast over følgjande framlegg til vedtak:

- "Ordføraren får ettergodtgjersle i halvannen månad."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 104/2023 Vedtak:

Ordføraren får ettergodtgjersle i halvannen månad.

SAKNR. 2023D05: Presentasjonar og dokument utlevert i møtet

19.10.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Oversikt over presentasjonar i møtet og dokument som vart utleverte i møtet:

- Kontrollutvalet – gjeldande prosjektstilling. Saksframstilling med framlegg til vedtak frå Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl), med 6 vedlegg. Saka vart teken inn på saklista og handsama som sak 103/2023.
- Grovstatus – oppfølging av politiske saker (presentasjon vist av rådmannen i sak 083)
- Presentasjon Kommunestyre 19.10.2023 (presentasjon vist av kommunalsjef oppvekst i sak 083)
- Svar på interpellasjon om fartsdempande tiltak i Steinslandsbakken
- Svar på interpellasjon om oppstart av reguleringsplan Fv 579
- Svar på interpellasjonar om fasadevask på kommunehuset og kantslått langs kommunale vegar

KS- 2023D05 Vedtak:

Dette er ei informasjonssak utan vedtak.

